

Velkommen til

## Arrangement og utleige i historiske omgjevnader

### - HALBRENDSHUSET –

Halbrendshuset kjem frå garden Halbrend i Førde sentrum og stod opphavleg like ovafor der bygningen til Førde Pensjonat (tidligere Lia Turistheim) ligg no. Huset skulle rivast i samband med vegutviding tidleg på 1980-talet, og det var heller tilfeldig at styraren på Sunnfjord Museum (Ludvig Søgner), blei klar over at dette var eit hus museet absolutt kunne ynskje seg. Etter forhandlingar med Leif Halbrend og familien og Statens Vegvesen fekk museet overta det.

Det hørde til det såkalla Ludvigtunet på Halbrend og er truleg bygd tidleg på 1860-talet. Det har ei typisk form for stovehus på bygdene på den tida: ei stove på kvar side av ein midtgang som kunne vere open eller delt i to rom,- difor er dei ofte kalla



midtgangshus. Eit anna kjenneteikn ved bustadhus i denne perioden er at det er lem over heile 1. høgda. Difor er dei rett og slett kalla lemstove. Røykannen heldt seg



uvanleg lenge i våre trakter, og med denne omnstypen måtte stova vere open opp til ljoren. Då det omsider vart vanleg med jernomn (peis var lite brukt på desse kantar), kunne det leggest himling i alle rom. Dermed kune husa både oppvarmast og utnyttast på heilt nye måtar. Når røyken vart vekke kunne også stovene utsmykkast annleis enn før, t.d. med kvite tekstilar som sengetøy, dukar og serviettar m.m.

Halbrendshuset vart teke ned av handverkaren på Sunnfjord Museum, Jon Barlund, og det vart også han som atterreiste det på museet. Det stod ferdig i 1999. Det originale huset var i god stand, og så å seie alt av konstruksjon og kledning kunne brukast opp att. Vindaugo var dessverre kasta då museet overtok, difor måtte det lagast heilt nye.



På museet er det trangt om plassen, og det vart avgjort at Halbrendshuset i alle høve midlertidig skal fungere som kombinert møtelokale/festlokale for både museet og andre. Difor fekk det eit lite tilbygg på

baksida, slik at det vart plass til skikkeleg kjøkken, loftstrappa som kryssa framfor eine døra vart laga ny og flytta, og det kom eit lite toalett på lemmen. Handverkaren har laga borda og alle stolane i matstova og også borda i den andre stova. Ein liten kuriositet: under rivinga kom det fram ei voven kvinneunderbukse av den typen som er open i skrittet, - i god stand. Ilag med aviser, sprakenåler m.m. var ho brukt som isolasjon rundt vindaugo - ho var tydelegvis gått av moten men fullt brukande likevel!

Prisar utleige av hus (2016)

#### Huus-stova

Eignar seg for grupper opp til 40 personar.  
Heilårsbruk. Kjøkken. Dekketøy.

2.200,-kr

#### Sersjantløa

Eignar seg for grupper opp til 120 personar.  
Kaffitraktar, kjøleskap og fryseboks.  
Til bruk i sommarhalvåret.

2.800,- kr

#### Eldstova

Eignar seg for mindre grupper opp til 20 personar. Til bruk i sommarhalvåret.

1.000,- kr

#### Halbrendshuset

Huset eignar seg for grupper opp til 36 personar. Heilårsbruk. Nytt moderne kjøkken. Dekketøy.

2.200,- kr

